



Magne Huglen og Klara Bakke er to av dei som sit i komiteen som skal førebu eit treff for utlendingane i Uskedalen. Her er dei på møtet i Dialogforum tysdag kveld. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Uskedalingane har eit sterkt ønskje om å bli gode vertar for våre mange nye landsmenn. Slik må ein tolka reaksjonen frå dei frammøtte då det nye Dialogforum under Uskedalen Utvikling tok opp saka tysdag kveld og nedsette ein komite som skal førebu ei samkome for tilflyttarane.. I komiteen sit Alf Eidsvik junior, Magne Huglen, Klara Bakke og Gunn Mari Moberg.**

Foregangsmannen på dette området i Uskedalen, Magne Huglen, meinte at det no er kome rundt 40 frå ulike land til bygda, men Eidsvik opplyste at talet i realiteten er langt høgare. Hvis ein også reknar med innleigd arbeidskraft er det knytta mellom 30 og 40 berre til Eidsvik Skipsbyggeri, opplyste han.

- Vi er heilt avhengige av denne arbeidskrafta i dag og må satsa sterkt på å knytta dei til oss slik at dei blir her, sa Eidsvik.

Huglen streka under at våre nye landsmenn er ein stor ressurs som vi må ta godt vare på. Men han la til at "dei

er i dag for lite sosialiserte og oppheld seg for mykje blant sine egne". Det er ei viktig oppgåve å få dei meir integrerte i det som går føre seg i Uskedalen. Huglen hadde difor eit forslag om å arrangera ein kveld for dei, sponsa av Uskedalen Utvikling og firma som har ansatte frå utlandet. På denne kvelden kan ein mellom anna informere om bygda og kva den har å by på og også kartleggja behov og ønskje. Huglen såg for seg eit arrangement allereie før slutten av april. Der bør nøkkelpersoner i Uskedalen stilla opp og gje nyttig orientering og det bør sjølvsagt også vera servering..

- Våre nye landsmenn styrker bygda og er ein viktig ressurs som vi bør ta oss skikkeleg av. Vi bør samla dei så snart som mogeleg og visa at vi set pris på dei, sa Magne Huglen. Han ville stille lokale gratis til disposisjon.

Huglens erfaring er at mange av utlendingane ikkje er kome hit for å få midlertidige jobbar, men for å bli her for godt og det vil alle ha nytte av. Dessutan er dei etter erfaringa hans hyggjelege og skikkelege folk. Tor Edvard Taranger viste til erfaringar frå Odda og streka under kor viktig det er at innflyttarane ikkje blir overlatt til seg sjølve. Han sa at det er viktig å gje informasjon om tilbod i bygda. Kjell Yri hadde berre positive erfaringar med leigebuarane sine. – Dei er ryddige og det er aldri noko tull med dei,sa han.

Thor Inge Døssland kalla denne saka kjempeviktig og var oppteke av at ikkje minst det aktivitetstilbod som Uskedalen har blir formidla til dei som kjem. Gunnar Myklebust såg for seg ein årleg velkomstfest med Aktivitetshusets Damevenner i ei sentral rolle. Arne Terje Haugland sa at eit arrangement for innflyttarane vil bidra til å gjera Uskedalen attraktiv også for fleire og til at bedriftene får stabil arbeidskraft.

Av Ola Matti Mathisen